

Pensjonistane kan tape to milliardar kroner på eitt år

Lønnsveksten vart mykje høgare enn ein trudde i 2021. Då skal pensjonen også auke tilsvarande, men det vil ikkje regjeringa høyre snakk om.

Pensjonistane kan miste to milliardar kroner i pensjonsauke om ikkje Stortinget no stopper eit forslag frå regjeringa. Årsaka er at førre regjering bomma på lønnsveksten i fjorårets trygdeoppgjer, og no vil ikkje den nye regjeringa betale for heile avvike. Regjeringa prøver no å få Stortinget med på å halvere kompensasjonen pensjonistane skal få i 2022. Om det skjer, vil pensjonistane få om lag 1,4 milliardar kroner lågare regulering i 2022 enn dei skulle hatt.

Heilårseffekten av forslaget - frå mai 2022 til mai 2023 – vert vurdert til å utgjere eit tap på to milliardar kroner for pensjonistane.

For 2021 vart det vedtatt at pensjonane skulle auke med gjennomsnittet av lønns- og prisveksten, men ikkje høgare enn lønnsveksten.

Då trygdeoppgjeret vart gjennomført i mai, vart det lagt til grunn eit anslag for lønnsvekst på 2,4 prosent, og eit anslag for prisveksten på 2,8 prosent. Dermed vart pensjonsauken avgrensa til å vere lik lønnsveksten på 2,4 prosent.

I tillegg vart stortingsfleirtalet einige om å sikre full kompensasjon for eit avvik mellom anslått og faktisk lønnsvekst frå 2020 på 1,4 prosent.

Når lønnsveksten i 2021 no syner seg å vere høgare enn anslaget i mai 2021, må dette sjølvstakt korrigerast fullt ut i trygdeoppgjeret i 2022. Dersom riktig lønnsvekst faktisk hadde vorte nytta, ville pensjonistane fått det dei skulle ha i fjor. Det er derfor heilt urimeleg at pensjonistane skal få mindre som følgje av at den førre regjeringa bomma på sine anslag.

Fråsegn frå årsmøte i Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane 4.-5.april 2022